



Sveio Kommune
Postboks 40
5559 SVEIO

Dato: 13.11.2015
Vår ref.: 2015/6388-30
Saksbehandlar: elsaaro1
Dykkar ref.:

Att: Bjarne A. Martinsen

Svar på søknad om deltaking i kartlegging- og utviklingsarbeid om gode lokalsamfunn som fremjar folkehelse

Viser til søknad frå Sveio kommune om deltaking i utviklingsarbeid knytt til Nærmiljø og lokalsamfunn i samarbeid med Helsedirektoratet 2015-17. Vi takkar Sveio kommune for at de tok dykk tid til å søkje om deltaking i travle sommarmånader. Vi set svært pris på at så mange av kommunane i fylket vårt viste interesse for utviklingsarbeidet.

Frå Hordaland søkte sju kommunar deltaking i prosjektsamarbeidet. Alle søknadane var retta mot utviklingsmåla for prosjektet. Utifrå ein heilskapleg vurdering er fire kommunar inkludert i samarbeidet og desse kommunane er Bømlo, Stord, Fjell og Askøy.

Hordaland fylkeskommune melder med dette at Sveio kommune ikkje får tilbod om deltaking som eksempel kommune. Dette blei det også orientert om på telefon til kontaktperson Sigrid Fangel i byrjinga av oktober månad.

Hordaland fylkeskommune fekk endeleg positivt svar om deltaking frå Helsedirektorat den 21.10.15. Som ein del av utviklingsarbeidet på regionalt nivå skal metodar, erfaringar og resultat av arbeidet kome alle kommunane i fylket til gode. Hordaland fylkeskommune vil kome tilbake til tidspunkt for regionale samlingar. Sveio kommune vil bli invitert til slike samlingar.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Else-Marie Brobakke Aarø
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Sigrid Fangel

